



Stord 7.desember 2017

Høyringsuttale vedrørende endring i ordning for offentlig støtte til trussamfunn.

Kristkirkja på Stord har i styremøte 14.november handsama saka om nye reglar for offentlig støtte til trus og livssynssamfunn i Noreg.

Me er forskrekka over forslaget frå regjeringa om av avgrensa støtta til trussamfunn over 500 medlemmer.

Det er mange små kongregasjonalistiske kyrkjelydar i Noreg som er godkjende som trussamfunn, og alle som er godkjende, bør ha rett på støtte frå det offentlege.

No ser me ikkje på midlane som me får frå stat og kommune som ei støtte. Det er i røynda refusjon av innbetalt kyrkjeskatt. Dersom desse pengane no vert tekne frå oss, kan me ikkje sjå det på anna vis enn at stat og kommune urettvist tilranar seg det som etter lov og rett er vårt. Me er alle skattebetalarar, og så lenge staten har påteke seg å finansiera eitt kyrkjesamfunn med skattepengar frå innbyggjarane, er det innlysande at dei som ikkje tilhøyrer dette trussamfunnet, men eit anna som også treng økonomi, må desse pengane refunderast til desse kyrkjesamfunna.

Her må det vera likskap for lova. Det kan ikkje vera rett at dei store skal favorisera framfor dei små. Det er dei små einingane som har sterkest trong for desse pengane. Det vil koma til å innskrenka vår mulegheit til å driva slik me gjer det i dag om me blir fråtekne desse midlane.

Dersom dette skal vera akseptabelt for oss, må det offentlege heilt slutta å finansiera Den norske kyrkja. Då jobbar me på like vilkår.

Kristkirkja på Stord er ein liten kyrkjelyd på rundt 100 medlemmer. Men aktiviteten er stor, og ikkje minst har me gjennom mange år jobba vederlagsfritt med integreringsarbeid. Det har spart staten for store summar. Å bli belønna på denne måten som departementet no legg opp til, kjennest komplett meiningslaust.

Me veit at gjennom mange, mange år har små kyrkjelydar vore til stor velsigning og glede for dette landet. Små einingar syner seg mange gongar å vera langt meir effektive enn store. Ein større del av kyrkjelyden må engasjera seg for å få oppgåvene løyste. Slik blir nye leiarar fostra på løpande band. Dette bør belønnast annleis enn det som no ligg i korta.

Me kan ikkje sjå på dette forslaget som noko anna enn ei innsnevring på religionsfridomen, og effekten vil bli at mangfaldet i det kristne Noreg vert langt mindre, og med respekt å melda, dette landet treng ikkje mindre kristendom, heller meir.

Kyrkjelydsrådet i Kristkirkja på Stord v/

Jens Thoresen, pastor og leiar av kyrkjelydsrådet

Medlemmer: | Tove Thoresen, Marie Notland, Marit Helene Aas, Jørn Rune Reinertsen, Ingvild Nordfonn, Knut Arve Nordfonn